



**PLAST:** Plastposar er forbode i Kenya. Eitt problem er at kyr et mykje av plasten som hamnar i naturen.

## Nei til pose

● **I Kenya kan du hamne i fengsel for ein plastpose.**

Det er ikkje lov å lage eller selje plastposar i Kenya. Det blei forbode frå 28. august. Lovbrot kan gje folk fengsel eller bøter.

– Berre matbutikkane i Kenya deler ut 100 millionar plastposar i året, sa John Konchella i ei pressemelding. Han er leiar for miljøetaten NEMA i landet.

Mykje av plasten i Kenya endar i naturen.

– Den gjer at røra blir tette. Det blir flaumar. Kyr et

plasten, sier Konchella.

I Noreg brukar vi 180 plastposar kvar i året. Det seier Liz Stordahl. Ho jobbar i organisasjonen Internasjonal Dugnad.

Ho snakka med avisa Dagbladet tidlegare i haust. Avisa skreiv om at Sverige jobbar mot plastposar. 1. juni kom ein ny lov. Butikkar må seie til kundar at posane er ille for miljøet.

**Ingvild Eilertsen**  
ingvild@klartale.no

## Snart kan kvinner køyre bil

**SAUDI-ARABIA:** Kvinner i Saudi-Arabia får lov til å ta sertifikat for bil. Det bestemte kong Salman tysdag. Loven gjeld frå juni neste år. «Ein strålende dag. Kan ikkje halde tilbake tårene mine», skreiv den kvinnelege rådsmedlemmen Latifah al-Shaalan på Twitter.

– Eventyra fekk mykje å bety for Noreg.

**Les meir på side 2**

## Flyktar frå vulkan på Bali

**INDONESIA:** Vulkanen Agung kan få utbrot. Den ligg på øya Bali i Indonesia.

Over 75.000 menneske har flykta frå heimane sine. Agung hadde eit utbrot i 1963. Då døydde over 1.000 menneske, skriv avisa The Guardian.





**KULTUR:** Eventyr blei ein viktig del av norsk kultur på 1800-talet. Theodor Kittelsen måla dette biletet til eventyret «Soria Moria slott» i 1900.

# Eventyra skapte oss

● **Eventyr er kanskje berre tull og oppspinn. Men dei blei viktige for det nye Noreg.**

To menn gjekk frå bygd til bygd på 1800-talet. Dei leita etter gode, norske forteljingar. Folk fortalde om lure revar og dumme troll.

Mennene heitte Peter Christen Asbjørnsen og Jørgen Moe. Dei gav sidan ut bøker med eventyr frå Noreg.

– Eventyra fekk mykje å seie for Noreg, seier Marit Akerø til Klar Tale. Ho er ekspert på folkeeventyr.

Noreg blei styrt av Danmark

i fleire hundre år. I 1814 fekk Noreg grunnlov og blei eit eige land. Då blei det viktig å finne ein eigen kultur.

– Asbjørnsen og Moe ville finne det typisk norske. Folk fortalde historier på eigne dialekter. Asbjørnsen og Moe ville ikkje skrive dei på dansk, som var vanleg på den tida. Dei måtte lage sin eigen norske vri på språket, seier ho.

Folk var fattige på 1800-talet. Dei fortalde historier for å underhalde kvarandre. Andre land har forteljingar som liknar desse eventyra. Men dei tilpassar seg landet. I Noreg er ofte naturen med.

– Kjerringa sette nasen fast i ein trestubbe i skogen. Og kongen kunne minne om ein norsk storbonde, seier Truls Gjefsen. Han er forfattar og lærar i norsk.

Folkeeventyra var med på å bygge Noreg, ifølge Gjefsen. – Vi hadde nesten ikkje eit eige skriftspråk. Vi hadde få eigne forfattarar, seier Gjefsen.

Eventyra har utvikla seg. Det har blitt laga bøker, filmar og teater av dei. Fredag har filmen «Askeladden – i Dovregubbens hall» premiere.

**Karin Flølo**  
karin@klartale.no



## Kort fortalt

**Gjermund Cappelen ankar dommen** på 15 års fengsel. Han meiner han fortener mildare straff. Cappelen fortalde at politimannen Eirik Jensen hjalp han med å smugle narkotika.

### Bønder på Vestlandet må slakte

eller selje dyra sine. Dei har for lite fôr til dyra på grunn av ein dårleg sommar.



**Nokre norsk-pakistanarar har ei kone** både i Noreg og i Pakistan. Det er den norske ambassaden i Pakistan som har varsla norske styresmakter om dette.

Kjelder: NTB, NRK

## ORD I NYHENDA

### Eldrebølge

- Norske kommunar er ikkje klare for eldrebølga. Det fryktar forskar Einar Vetvik.
- Ordet «eldrebølge» består av to ord. «Eldre» er nokon som er gamle. «Bølge» er ei buktning i havet som slår inn mot land. «Eldrebølga» blir brukt om dei gamle menneska som treng pleie.
- Frå år 2020 til 2030 blir det mange fleire eldre over 80 år, skriv Dagsavisen. Mange kommunar har ikkje nok omsorgsbustader eller nok helsefolk.

### Utvist og piska

**ASYL:** Leila Bayat frå Iran søkte om asyl i Noreg i 2009. Ho blei utvist i mars. I Iran blei Bayat sidan piska med 80 slag. Advokaten krev at ho får komme tilbake til Noreg.

Foto: NTB scanpix



**DRAP:** Politiet fortel at dei har sikta ei kvinne for to drap.

### Kvinne sikta for to drap

**KRIMINALITET:** Ei kvinne i 40-åra er sikta for to drap. Politiet trur at ho drap faren i 2002 og den tidlegare sambuaren i 2014. Kvinna seier at ho ikkje har gjort dette, ifølge advokaten. Sambuaren til kvinna døydde på eit hotell i Kristiansand i Vest-Agder. Dødsårsaka var forgifting.

Foto: Stian Lysberg Solum / NTB scanpix



**EKTESKAP:** Barn over 16 år kan gifte seg i Noreg, om foreldrene seier ja til det.

## Barn kan gifte seg i Noreg

**POLITIKK:** Barn over 16 år kan gifte seg i Noreg. Men då må både foreldra og Fylkesmannen seie ja. Mange nordmenn veit ikkje at det er lov, ifølge kanalen NRK.

Norske ungdommar protesterer. Dei tok kontakt med Fylkesmannen i Oslo og Akershus.  
– Vi må seie nei til barne-ekteskap, seier Embla Sørensen Kristiansen til NRK. Ho og dei andre hadde med seg 9.000 underskrifter tysdag.

Politikar Hadia Tajik vil få Stortinget til å endre reglane.  
– Eg ønsker å fjerne ordninga med at barn kan gifte seg, seier Tajik til avisa VG. Ho kjem frå Arbeidarpartiet.

I Danmark må du vere 18 år for å gifte deg. Slik er det også i Malawi. Men i USA har barn så unge som 12 år fått gifte seg. Det skriv avisa Vårt Land.

**Karin Flølo**  
karin@klartale.no

## MITT ORD



Foto: Privat

**Håkon Tveit**, 39 år gammel. Jobbar med skuleprogrammet til Bergen internasjonale filmfestival (BIFF).

## Kjapp anti-rasist

– **Kva er ditt favorittord?**

– «Film».

– **Kvifor likar du dette ordet så godt?**

– Ordet skaper gode minne og forventningar.

– **Kva ord likar du ikkje?**

– «Hottentott». Det er eit typisk rasistisk ord som nokon ikkje forstår at er gammaldags. Det har også kalla fram ordet «retro-rasistisk».

– **Kva er eit typisk film-ord?**

– «Auteur». Det er eit ord som viser at du vil noko meir med film som kunst.

– **Kva ord bruker du ofte?**

– «Ja». Fordi det er vanskeleg å seie nei.

– **Kva ord skildrar deg best?**

– «Kjapp». Under BIFF må eg springe for å vere i flest mogleg salar nesten samstundes.

**Cathrine Kahrs**

cathrine@klartale.no

## Skal filme action i Noreg

**FILM:** Scener til filmen «Mission Impossible 6» skal spelast inn i Noreg i november. Det skjer ved Preikestolen i Rogaland. Fjellet blir stengt i tre dagar mens det blir filma, skriv nyhendebyrået NTB. Tom Cruise spelar hovudrolla.

## Vil selje bøker på Coop

**LITTERATUR:** Bokhandelen Tanum vil selje bøker i matbutikkane til Coop. Det er ikkje berre populært. Forfattarforeininga fryktar det berre blir positivt for bøkene som sel best, skriv avisa Klassekampen.

Foto: NTB scanpix



**KNELER:** Stevie Wonder (til venstre) knelte under ein konsert.

## Kneler i protest

**MUSIKK:** Fotballspelarar i USA kneler når nasjonalsongen blir spelt. Dei protesterer mot diskriminering av svarte. Fleire kjendisar støttar kampanjen på nettsamfunnet Twitter. Songaren Stevie Wonder knelte også under ein konsert. Songaren John Legend kjefta på Donald Trump i eit magasin. Presidenten i USA har kritisert aksjonen.

Foto: Arthaus

## FILM



## Museum i krise

» Christian jobbar på eit museum. Han lever eit godt liv. Men ei ny utstilling endrar alt for både museet og Christian. «The Square» blir skildra som ein morosam, skarp og ubehageleg film. Den vann prisen Gullpalmen i år. Det er hovudprisen på filmfestivalen i Cannes i Frankrike. «The Square» har premiere fredag. Filmen passsar for dei over 12 år.